



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for mars 2008.

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Årgang 43

<http://www.hareid.rotary.no>



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Åge Nytun
Visepres: Johan Ole Brandal
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Hans Gisle Holstad
Styremedlem: Oddvar Haugen
Styremedlem: Vigdis Riise
Ansv.red.: Oddvar Haugen
Referent: Aud Grimstad

Fødselsdagar i mars.

Svein Johs. Flø	01. Mars
Jarle Klungsøy	26. mars

100 % frammøte i mars.

Johan Ole Brandal, Øystein Alme, Odd Arne Holstad, Jarle Kristiansen, Jan Håvard Nytun, Åge Nytun, Arve Røyset, John Stennes, Otto Holstad, Walther Jenssen, Jarle Klungsøy, Trygve Riise, Hans Otto Rise, Aud Grimstad

Frammøteprosent i mars.

70,8 %

Af Haab og liv er alle Knopper Fulde

Af Haab og Liv er alle Knopper fulde, —
De tør ei briste, skjønt de gjerne vilde;
Thi Vaaren kæmper end med Vintrens Kulde.

De brudte Straaler over Marken spille,
Og Blomsten svulmer i sit snevre Kammer,
Og drikker Lyset længsfuld og stille.

Den aner Maiens underbare Flammer,
Naar alle mørke Vinterskyer vige,
Naar ingen Kulde Hjerterbladet rammer.

April, min Ven, er Navnet paa din Pige:
Snart kolde Blik, snart hemmelige Pile;
Du ved ei endnu ret, hvad de vil sige.

Ak, hendes Hjerter har ei heller Hvile;
Af Frygt og Uro vixelvis det banker, —
Men Læben er dog villigst til at smile.

Snart Kysser Mai de længsfulde Ranker,
I Luften svæve Elskovsguder glade;

Da tør Du nævne dine skjulte Tanker, —

Da viser Blomsten sine Hjerterblade.

Johan Sebastian Welhaven

Måndag 03.03.08

Møtet starta som vanleg med ein song.

Presidenten ynskje velkommen og minte oss på turen til Åsen tunet 14. april, der vi kan ta med ledsager.

Johs Hareide informerte om Rotarystien og opplyste at det vert dugnad 10. mars.

Det som må gjerast no er hogst av tre og rydding av rot og rusk langs elva. Arne G. Grimstad kunne stille med hengar.

Ansvarleg for dugnaden denne dagen er Elias Sellevoll.

Denne dagen hadde vi besøk av Sigurd Eliassen som fortalde oss om korleis han vart interessert i slektsgransking, og kva kilder han brukte for å finne fram til sine tidlegare aner.

Det var fyrste gongen han heldt eit slikt foredrag, og det utførte han både ryddig og humoristisk

Sigurd Eliassen vaks opp i Brandal saman med 9 sysken. Han er fødd i 1950, men vart ikkje interessert i slektsgransking før i 1995. Han tenkte at dette kanskje var hormonstyrt ☺ ?

Han visste lite om farsslekta, som var frå Kolvereid, og då faren døde vart denne interessa vekt, då det hadde vore lite snakka i heimen om farsslekta. Han fortalde humoristisk om kva han hadde funne ut etter lang gransking og det forklarte kanskje litt av den tause situasjonen. Farfaren kom til Ulsteinvik og vart der gift med farmora i 1916, men flytte tilbake til Trøndelag i 1925, då han venta barn utanfor ekteskapet.

Morslekta var lettare å forske på, då det var gode bygdebøker. Han kunne studere kyrkjebøkene som ligg som mikrofilm i Ålesund. Alle kyrkjebøker ligg som mikrofilmar på internett i dag. Ein ny situasjon som lettar arbeidet med slektsgransking mykje. Det var mormonarane som står bak mikrofilming av kyrkjebøkene fortel han.

I starten brukte Sigurd Eliassen eit gammalt DOS program som var svært tungvint. I dag finnes det fleire gode program som er å få kjøpt.

Han seier at dette er ein interessant hobby. Begynner du er du ”ferdig” ler han. Han kjem med gode råd for den som ynskjer å ta til med denne hobbyen. Det kan vere vanskeleg å finne rette opplysningar enkelte plassar, så det er lurt å dobbeltsjekke. Når du startar er det viktig at du veit namnet på soknet. Hareid for eksempel ligg under Ulstein. Noter deg og kva kjelder du har for opplysningar du har funne. Han anbefaler absolutt denne hobbyen for menn, og DIS-Norge har heimeside med lenker til kurs for nye slektsforskarar, og han meiner at EMBLA er eit program som er enkelt å bruke til dette.

Eliassen avslutta foredraget sitt med å lese Ætt og arv, eit dikt av Olav H. Hauge. Takk til Sigurd Eliassen for dette interessante foredraget.

Måndag 10.03.08

Denne måndagen var sett av til dugnad. Det vart saga ned fleire tre og rydda. Eg gjekk ein tur langs heile stien men det var ved Grimstadvatnet eg fann dugnadsgjengen. Her er nokre bilde frå ein kjempefin kveld.



Måndag 31.03.08

President Nytnun ønskte velkommen og takka for dugnadsinnsats på Rotary stien. Vi song "Blåmann Blåmann" før presidenten bad Jarle Klungsøyr om å kome fram. Jarle Klungsøyr hadde fylt 65 år 26. mars, og vart overrekket blomster.

John Stennes entra så talarstolen og snakka om moglegheita til å få til eit intercity møte 22. april på Kjellsund. Jørgen Amdam vil vere foredragshaldar.

Dagens hovudtema var ego foredrag av Kjell Roger Nevstad, f. 12.01.55.

Han er gift med Torill frå Morkbygda og har fått 3 born. 2 jenter og 1 gut. Eldste dottera, Veroica, har ein gut på 1 år, så her er det kome eit barnebarn og jente nr 2, Kristina, går på ingeniørhøgskulen i Ålesund på bygg og anlegg. Den yngste, Robert, går siste året på Hareid ungdomsskule..

Som mange andre starta Kjell Roger si yrkeskarriere på sjøen. Han var om bord i "Kvitungen" på selfangst før han tok realskulen.

Han tok så yrkesskule i Ørsta og gjekk vidare på skipselektriker lina i Ålesund.

Han hadde verneteneste i marina i Horten og fekk ta Sjøforsvarets maskin og elektrikerskule.

Var så om bord i jageren KNM Bergen.

Fekk lovnad på jobb før vernetenesta var over og mønstra på ein båt som skipselektriker berre dagar etter endt verneteneste. Etter 11 års fartstid var det oljeeventyret som freista.

Fekk jobb på Friggfeltet i -77, men opplevde arbeidet her som frustrerende og meningslaust.

Reiste derfor til sjøs att etter 8 mnd., men arbeidde for firmaet Eikrem når han var heime.

Han jobba så på eit utviklingsprosjekt for North-West Ingeneering, eit selskap som består av fleire små selskap som slo seg saman i eit samarbeid.

Han har vidare arbeidd på Hjørungavåg verkstad, kabelbåt og dykkerbåt før han begynte å arbeide på Gullfax, med drift og vedlikehald. Kjell Roger er no hovedverneombud og hovudtillitsvalt på Heidrun, største plattformen på Haltenbanken, der han også arbeider med drift og vedlikehald.

Han har også båt som hobby og er formann i Hareid småbåtlag og Hjørungavåg naustlag.

Kjell Roger heldt eit levande og interessant foredrag og ga oss ei fin innføring i arbeidet sitt.

Takk til Kjell Roger ☺.

Neste Rotarymøte er dugnad på Rotarystien igjen.

Vi håper på godt ver og godt frammøte.